

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 Fylke: Sogn og Fjordane
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Leikanger
 Emne: Ard og plog Bygdelag: Fresvik
 Oppskr. av: Hans O. Hov Gard: Hov
 (adresse): Fresvik G.nr. 49 Br.nr. 11

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.
 Oppskrifti er etter eigi røynsle , og ~~ALLEK~~ det eg har sett
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :
 og vorten fortald av dei elste i bygdi , som har vore bønder,
 og er no 75 - 87 år gamle .

SVAR

Ard og plog.

- Både ard og plog er brukt i bygdi.
- Arden vart brukt til å arda eller bryta opp åkeren om våren før såingi og den vart køyrd fram og attende, men ved endane vart arden køyrd nokre gonger på tvert av forene , so åkeren skulde verta godt oppløyst , for det var ikkje alltid høve til å køyra arden heilt inn " til land" .
 Arden vart og av og til brukt til å molda ned kornet ned, og då braut ein både tettare og mindre djupt .
 Dette kalla ein å "såbjota" .
 Når det var "lett" åker , og det hadde vore dyrka poteter året fyreåt , so kunde det enda , at ein braut opp åkeren fyreåt , men breidde møki , sådde kornet og so "såbraut" , og etterpå sletta åkeren med ei trehorv .
 På denne måten kunde åkeren vera heilt grøn av ugras når ein sådde , og dei gamle sa då , at åkeren hadde "loka"seg. Det vanlege var ellest at ein fyrst "braut opp" åkeren med ard og so molda kornet ned med ei horv .
 På små åkerlappar som låg noko bratt , vart kornet nedmolda med grev , serleg på små bruk , t.d. husmansplassar .
- Når det gjeld potetavlen er arden einerådande her både med setjing og "hauging" - "hypping" .
 Ein køyrer opp ei for som ein set potetone i , når rondi er "sett" køyrer ein attende og let arden molda potetone ned . Soleids driv ein på til åkeren er ferdig .
 Arbeidskrafti , det vil seia "setjarane" - vert ikkje serleg godt utnytta på denne måten , difor har ein og annan teke til å køyra opp forene ein skal "setja"i , og når alt er sett køyrer ein ei ugraskorv på "ryggen" på tvert av forene og moldar potetene ned soleids .
 Arden vert og bruka til "hauga"(hyppa) potetone med , i det høve vert det av og til slege ein trekloss på kvar sida nede ved ardfoten , so moldi vart lagt betre inn til potetplanta.
 Nokon annan form for hyppeplog som hestereidskap er ikkje i bruk her .
 I dei siste åri er ein og annan teken til å bruka arden som potetoptakar med godt resultat , for det syner seg at han ogso er tenleg til det , når han vert stilt og brukt på rett måte .
 Ved setjing av poteter køyrer ein på tvert av det som er oppbrote fyreåt .
- Korleids arden ser ut vil ein sjå av medsende riss.
 Den har same formi som fig. 1 - 3 men skil seg ut med styre og drag og har ei meir fagmessig utføring.

- Av og til vert her brukt kniv eller ristel som på fig. 3 for å gjera arden sterkare .
- Her finst og arar med ~~stillebar dragkrok~~ stillbar dragkrok , men ellers vart vangsen påsett slik , at arden går passeleg djupt , og vil ein ha litt regulering so kortar ein inn eller gjer avstanden større millom arden og ardtinlene , etter som ein vil , at arden skal gå grunnare eller djupare .
- Ård med sjeker som fig. 1 var i bruk her til omkring 1885 denne arden vart kalla "skeiard" .
- På sume bruk kunde ein ha tvo slike - større og mindre. Ellers kunde arden stillast i den djupni ein vilde .
5. Skjeker som synt på fig. 4 er ikkje brukt her .
6. Ymse deler på arden har sitt namn . Styret kallast "arhaldet" , "vangsen" sit på "Aardfoten" som er innfeldt i "ardkroken" .
- Draget eller "dragkroken" framme på arden vert festa med eit "ardlekkje" til "ardskeiene" eller "ardtinlene" .
- Desse tinlene brukar ein og for plog og horv.
7. Vangsen eller ardiskjeret var eins over alt . Kvar gard hadde sine egne ardar .
- Når vangsen var ny kunde skjerbreiddi vera i stridaste laget , serleg ved hauging av poteter , men smått om send minka sjeret , og når det vart i minste laget vart det påsveisa av ein bygdesmed - det vart pålagd ei "aologa" .
8. Arden har ikkje veltefjølur , men framkanten av ardkroken er som ein kjøl og velter moldi til bae sider .
9. Ordet ard er ikkje brukt om enkelte harvtyper .
10. I einskilde høve vert djupni regulert som vist på fig. 3 c - men den vanlege reguleringi er med lekkje millom arden og ardskeiene og med styret .
- 11 - 12 . ~~Ar~~ Ardtyper som fig. 5-7 er heilt ukjent her i bygd.
13. Det vert no berre brukt moderne fabriksmidde plogar , desse tok til å koma ved loo års skifte. Men før desse plogane kom kan eg minnst ein av ein gamal type , veltefjølur var av tre , var vridd og beslegi med ei jarnplata , det var eit styre som var av jarn og draget var regulerbart både opp og ned og til sides. Plogen var venteleg arbeidd av ein smed og likna mykje på nr. 14 på medfylgjande plansje , men både styret og draget var meir "moderne" . Plogen hadde kniv og vart køyrd med tvo hestar .
- Kva plogen heitte , kvar han kom frå , kva tid han kom og kva han var betalt med er her ingen som veit . Dette er den elste plog ein kjenner til her og den vart brukt siste gongen omkring 1890 på garden Hov .
14. Fig. 8 har ikkje vore brukt her det ein kjenner til .
15. Under ployging er det truleg at plogkaren måtte reinska veltefjølur for mold , men eg trur ikkje han hadde noko serskildt reidskap som fylgde plogen .
16. Kørleids plogen vart køyrd på "tomgang" - antan på veltefjølur eller på den andre sida kan ingen seia no .
17. Det var ikkje nokon slepesko eller ekstra kloss som ein køyrde plogen på attenda .
18. Det ein kjenner til har det vore lite med plogar av eldre typer , ein veit berre om denne og det var ein 2 hestes høgreplog til ployging på voll , i åkeren brukte ein ikkje plog men alltid ard .
- Omkring 1880 vart her av Kristen Hauglum og Johs. Simlenes Bjørnetun innkjøpt ein 2 h. vollplog som var heilt av stål . Denne plogen var arbeidd av smeden Eikås i Vik i Sogn og var i bruk til fyrste åri etter 1900 .
- Plogen vart kalla "Eikåsplogen"
19. Kor djupt ein kunde ployga var etter som jordi kunde vera ein kunde stilla djupni med draget på plogen , nokon slepesko eller hjul var der ikkje.

III

- 20 - 21. Det var kniv på desse plogane som skar det loddrette snitt , nokon serskild plog var ikkje nytta til det .
22. Når ein kørde den gamle plogen garane imillom eller ut på arbeidsplassen nytta ein ein vanleg treslede .
23. Falkenstensplogen fig. 12 har ikkje vore brukt her .

~~XXXXXXXXXX~~

Eit reidskap som velter jordi til ei sida kallast her som dei fleste andre stader for plog og dei ymse deler har sitt namn .

Ein nemner :

plogåsen , styre , draget , veltefjøli , skjeret , hælén eller skoen , og kniven .

Ordet plog vert uttalt slik som ein skriv det , ordet ard vert uttalt - ar - , ein ar .

Ovanstående er maskinskrive av N.J.Vangsnes , Fresvik , Sogn etter Hans O. Hov , Fresvik , Sogn , sine handskrivne notater .
Fresvik den 20. mai 1948.




1689


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




Red fra Fresvik i Logn



Dragnet på den gamle besploget



sett fra sida



sett ovenfra

1689

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING